
Saksnr: 2021/1637-1
Saksbehandlar: Lars Grøteide
Dato: 19.01.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppstart av utgreiing kulturkort for ungdom i Vestland

I sak PS 137/2020 Budsjett 2021/ økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 6/20 ber fylkestinget jf verbalpunkt 2 fylkesrådmannen leggje fram sak om innføring av kulturkort/kulturrabatt for ungdom i Vestland. I vedtaket heiter det at målsettinga er at flest moglege unge skal ha moglegheit til å delta i alle former for kulturaktivitetar.

Fylkesrådmannen ynskjer no å orientere om at saksførebuinga er sett i gang med det mål å leggje fram ei sak til møte i fylkestinget i juni. Det skapar grunnlag for ei grundig sakshandsaming, samstundes som det gjev rom for implementering i budsjettarbeidet mot budsjett 2022 ved ei eventuell realisering.

Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har erfaring med kulturkort for ungdom frå tidlegare. Desse erfaringane vert vurdert og teke med inn i denne saksutgreiinga. Sjølve arbeidet med saksutgreiinga er lagt til Avdeling for kultur, idrett og inkludering v/seksjon for kunst- og kulturutvikling. Vidare vil ein i saksutgreiinga sjå til praksis og erfaring frå andre fylkeskommunar, likeså kommunar i Vestland.

I saksutgreiinga vil fylkesrådmannen både gjere greie for og ta omsyn til den nasjonale satsinga på fritidskort. Med utgangspunkt i [Granavolden-plattformen](#) starta regjeringa ved Barne- og familiedepartementet i 2019 ei pilotordning med fritidskort. To pilotkommunar vart valt til å delta. I 2020 kom ti nye pilotkommunar til. [Kvam herad](#) er ein av desse tolv pilotkommunane. I 2021 vert pilotprosjektet vidareført og det er sett av 180 millionar kroner til vidare satsing. Satsinga vert fylgt opp av fylgjesforskning og det vil liggja føre ein delrapport vinteren 2021. Pilotprosjektet har per no tidshorisont til sumaren 2022. Det er ikkje teke stilling til vidareføring. Det er Barne-, ungdoms og familiedirektoratet som har fått til oppgåve å setje i verk satsinga. Den skal i følge Barne-, ungdoms og familiedirektoratet sjåast i samanheng med utviklinga av [Fritidserklæringa](#). Regjeringa har som mål at ordninga med fritidskort skal vera landsdekkjande.

I forkant av denne nasjonale satsinga gjennomførte Oslo Economics, på oppdrag av Kulturdepartementet, ei undersøking og ulike fritids/kulturkortordningar i Noreg. Denne er kalla [Nasjonal kartlegging av fritidskortordningar](#). Denne vil gje nyttig informasjon til denne saksutgreiinga.